



RIKSANTIKVAREN
Postboks 8196 DEP
0034 OSLO

Dato: 31.03.2016
Vår ref.: 2016/3299-1
Saksbehandlar: davsand
Dykkar ref.:

Prosjekt Bryggen - Organisering, rollar og oppfølging – framlegg til presiseringar og justeringar

Vi viser til møte mellom Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune 16. februar 2016. På møtet vart det tatt opp kommande tilsyn og forhold av meir prinsipiell karakter. Dei siste åra har den nasjonale verdsarvpolitikken vore forankra kulturminnemeldinga, Meld St nr 35 (2012-2013) *Framtid med fotfeste*. Hordaland fylkeskommune meiner lokale organiseringa av verdsarv arbeidet på Bryggen treng oppdatering og naudsynt revisjon, slik at det til dømes vert etablert verdsarvråd og verdsarvsenter på Bryggen, jf *Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025*. Gjeldande forvaltningsplan for Bryggen treng og rullering.

På møte med Riksantikvaren vart serleg høve til OPS-gruppa, organisering av tilskotsordninga Prosjekt Bryggen og Samarbeidsgruppa diskutert i høve til arbeidsform, mandat, ansvar og roller. Det var på møtet semje om at fylkeskommunen lagar ei kort utgreiing korleis vi meiner dette mellombels kan handamast, før vi inviterer til eit nytt møte med RA.

Vi gjer merksam på at utgreiinga her omhandlar den delen av Prosjekt Bryggen (heretter omtala som PB) som fylkeskommunen forvaltar: Å dele ut og følgje opp tilskota til *PB-100 istandsetting*, *PB-200 sikring og prosjektering*, *PB-501 felles driftsoppgåver* (definert som taksjekk, vakthald og felles brannsikringstiltak) og *PB-502 materialbanken*. (I tillegg kjem ein skilde år PB-505 tilstandsvurdering, men dette gjerast som hovudregel over budsjettet til Kultur- og idrettsavdelinga hos HFK.) Korleis RA fordeler midlar, følgjer opp og rapporterer for tiltaka under PB-300 Grunn og miljøovervaking grunn, PB-400 kunnskapsinnhenting og overvaking av bygningar, nokre tiltak under PB-500 (arkiv, fargeundersøkingar), PB-700 formidling og publisering, og RA sine utgifter under PB-800 administrasjon, er i all hovudsak *ikkje* omtalt eller teke omsyn til i utgreiinga.

Definisjon av Prosjekt Bryggen og oppfølging

Til tross for namnet er ikkje Prosjekt Bryggen eit prosjekt. Det er eit langsiktig istandsettingsprogram, som potensielt kan ta slutt ein gong, men som ikkje har ei prosjektorganisering.

Det finst ikkje ei styringsgruppe for PB, men ei såkalla «operativ styringsgruppe», som har ein litt anna rolle enn det namnet kan tyde på: Gruppa styrar ikkje tiltaka eller gjer vedtak i møter, men består av tilsette hos Riksantikvaren, fylkeskommunen og kommunen, som møtast nokre gongar per år for å sørge for at relevant informasjon blir utveksla.

Det at PB ikkje har ei prosjektorganisering og ikkje er eit prosjekt, bør ein slik fylkeskommunen ser det ta konsekvensen av; både når det gjeld korleis ein omtalar PB, korleis ein definerer rollene til kulturminneforvaltninga, og korleis kulturminneforvaltninga samhandlar, kommuniserer og rapporterer.

Dei siste åra har både HFK og RA i større grad definert PB som ei tilskotsordning, altså eit *istandsettingsprogram som er innretta som ei tilskotsordning*, men det står noko att når det gjeld å ta tilstrekkeleg konsekvensar av den definisjonen.

Hordaland fylkeskommune foreslår følgjande:

- 1) Prosjekt Bryggen endrar til eit meir høveleg namn (t.d. til Istandsettingsprogrammet for Bryggen, eller Program for istandsetting av Bryggen).
- 2) Når det gjeld PB-100, PB-200 og nokre av deltiltaka under PB-500, følgjar Riksantikvaren istandsettingsprogrammet opp ovanfor fylkeskommunen *på tilsvarande vis som dei følgjer opp ovanfor fylkeskommunen når det gjeld post 71*. Det vil mellom anna seie at kommunikasjonen går direkte mellom Riksantikvaren og fylkeskommunen, og på tilsvarande måtar.

Visst Riksantikvaren har konkrete føringar for korleis istandsettingsprogrammet skal følgjast opp av fylkeskommunen, eller synspunkt på fylkeskommunen si oppfølging og sakshandsaming, bør dette vere ei sak som tas opp direkte mellom Riksantikvaren og fylkeskommunen, og ikkje med andre forvaltningsnivå.

For å sikre at fylkeskommunen får informasjon om resultat frå PB-300, PB-400 og PB-506 fargeundersøkingar som er relevante for sakshandsaminga – det gjeld òg i høve til sakshandsaminga etter kulturminnelova – *kan* det i tillegg enten vere t.d. eit årleg møte mellom Riksantikvaren og relevante sakshandsamarar hos fylkeskommunen. Uansett er det viktig at Riksantikvaren sender den relevante informasjonen til fylkeskommunen.

- 3) Den operative styringsgruppa endrar til eit meir høveleg namn (t.d. til Bryggens offentlege forvaltningsgruppe). Hordaland fylkeskommune rapporterer ikkje til forvaltningsgruppa, på same måte som heller ikkje Riksantikvaren eller Bergen kommune rapporterer til forvaltningsgruppa.
- 4) Sidan forvaltningsgruppa er meint å vere eit forum kor sakshandsamarar i dei tre forvaltningsnivåa utvekslar informasjon, *kan* det vurderast om det er like tenleg om gruppa utgår, eller endrast til ei samarbeidsgruppe som utvekslar informasjon om andre tema enn framdrift og kostnader for istandsettingstiltaka. Det kan vere meir ryddig, då det uavhengig av istandsettingsprogrammet skal opprettast eit verdsarvråd for Bryggen.

Rapporteringsrutinar

På kva måte fylkeskommunen skal rapportere på skal skriftleg definerast i Riksantikvaren sitt tilsegnsbrevet for post 79 til fylkeskommunen. Ut frå det som står i tilsegnsbrevet for post 79 definerer så fylkeskommunen korleis tiltakshavarane på Bryggen skal rapportere.

Det kan då bli aktuelt for fylkeskommune å *ikkje* be tiltakshavarane om ein så detaljert økonomisk rapportering som ein har hatt dei siste åra. Dette fordi noverande detaljeringsnivå på den økonomiske rapporteringa i høg grad er eit resultat av innspel frå Riksantikvaren i OPS-møta.

Når det gjeld talet på årlege rapporteringar for det einskilde istandsettingstiltaket, vart dette redusert frå tre til to i 2015. Fylkeskommunen meiner at det med fordel kan reduserast til ein rapportering per år. Dette dels fordi alle tilskotsmidlar skal vere fordelt i løpet av våren i det året dei er gitt for, og fylkeskommunen i praksis ikkje har høve til å omfordele midlar frå den eine eigaren til den andre i løpet av året. Dels er det òg fordi det ikkje er fylkeskommunen som er tiltakshavar eller som skal styre det einskilde istandsettingstiltaket, slik at delrapporteringa halvvegs i året i praksis ikkje har hatt så stor funksjon. Fylkeskommunen rår til at ein går over til å berre sende inn årsrapport. Dette vil vere meir i tråd med kva som er vanleg for andre tilskotsordningar.

I dag bli istandsettingstiltaka følgd opp med 4 – 8 byggeplassrunder per år, avhengig av aktivitetsnivået på den einskilde byggeplassen og i kva fase av istandsettinga ein er. Synfaringar i samband med dispensasjonshandsaming etter kulturminnelova kjem i tillegg. Det blir skreve korte referat frå desse byggeplassrundane. Fylkeskommunen meiner det vil vere tenleg om ein frå og med 2016 innfører som fast

punkt på byggeplassrundane at det blir fylt ut eller kryssa av på eit enkelt framdriftsdiagram med milepælar, og vil følge opp det når midlane for 2016 er fordelt.

Vi gjer merksam på at våre framlegg til endring gjeld strakstiltak som kan gjennomførast uavhengig ein større revisjon av den lokale organiseringa ved verdsarvstaden Bryggen. Før Hordaland fylkeskommune vil invitere til nytt møte med Riksantikvaren, ber vi om skriftleg tilbakemelding på våre framlegg.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør, kultur, idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.